



Ing Taule As
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/7474 - 23/16271

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
27.02.2023

Manglar opplysningar om fritak frå TEK17- gbnr 60/25 tilbygg hytte Langenes

Tiltak: tilbygg samt oppføring av bod
Byggjestad: Gbnr: 60/25
Tiltakshavar: Sveinung Ryland
Ansvarleg søkjar: Ing Taule As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.10.22 og tilleggsinformasjon den 14.12.22.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Det er kryssa av for søknad om fritak frå TEK17 i søknadsskjema utan å spesifisere konkrete pkt. i TEK17. Søknad om fritak frå TEK17 skal grunngjevast for kvar relevant punkt det søkjast fråvik.

1. På tidspunktet søknad kom inn var det pbl.§31-2 fjerde ledd som var styrande for fritak frå teknisk forskrift (TEK17). 01.01.2023 kom det lovending som har erstatta denne med ny pbl.§31-4.

Utgangspunktet er at kommunen skal handsame søknad ut frå regelverket som låg føre på søknadstidspunkt. Ber om tilbakemelding på om dykk ynskjer søknad handsama etter ny eller gamal heimel for fritak.

Dersom dykk ynskjer søknad handsama etter gamal heimel (pbl.§31-2 fjerde ledd), må det sendast inn dokumentasjon som viser til at utbetring av tiltak i samsvar med TEK17 vil medføre ein «uforholdsmessig kostnad».

Det kan tolkast at det søkjast fritak frå TEK 17 §§ 14-2, 14-3. Det er uklart om fritak søkjast frå § 13-2 og andre pkt. i TEK17. Det må leggjast ved kort fagleg vurdering om fritak kan vurderast som forsvarleg. Dersom Dykk ynsker sak handsama etter ny PBL §31-4 er det i denne føresegn lista opp relevante vurderingsmoment.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.03.23. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lill Krestin Ryland
Sveinung Ryland

Balane 30
Balane 30

5108 HORDVIK
5108 HORDVIK

Mottakarar:

Ing Taule As

Radøyvegen 1400

5936 MANGER